

# Årsmelding 2009



## Fylkesbiblioteket



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

# 1 Hordaland fylkesbibliotek

Fylkesbiblioteket er eit lovfesta fylkeskommunalt organ som har til oppgåve å utvikle og supplere bibliotekdrifta i fylket. I Hordaland skjer dette gjennom ulike verkemiddel som rådgjeving, opplæring, tilskiping av kurs og konferansar, initiering og deltaking i kommunale utviklingstiltak, planarbeid, litteraturformidling og supplering av bøker og andre media via bokbåt, fjernlån og klassesett til grunnskular.

I tillegg til biblioteklova, er fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland styrande for arbeidet. Den fjerde i rekka, Fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland 2007-2010, vart vedteken av fylkestinget i desember 2007. Planarbeidet tok til etter at den statlege bibliotekutgreiinga "Bibliotekreform 2014" vart lagt fram hausten 2006. Bibliotekplanen har også samanheng med regional og nasjonal politikk på andre felt, nedfelt i regionale og statlege planar.

Hovudmålet for den regionale bibliotekpolitikken, er at alle innbyggjarane i fylket skal få eit likeverdig bibliotektilbod uavhengig av kvar dei bur. Det har vore eit mål å utforme ein tydeleg regional bibliotekpolitikk med fokus på å involvere alle typar bibliotek, samarbeid, nettverksbygging, kompetanseutvikling og utvikling av bib-



**Bibliotekplanen hjelper Fylkesbiblioteket med retningslinjer og konkrete arbeidsoppgaver.**

lioteka som kunnskapsallmenningar for livslang læring.

## Tilsette

Fylkesbiblioteket er leia av fylkesbiblioteksjefen og har sju tilsette rådgjevarar med brei bibliotekfagleg kompetanse og tre merkantilt tilsette, totalt (9,4) årsverk. Eitt merkantilt årsverk er tilknytt fjernlånsverksemda med arbeidsplass på Bergen Off. Bibliotek.

# 2 Utviklingsoppgåver

Gjennom fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland 2007-2010, er fylkesbiblioteket ein aktiv utviklingsaktør. Dei viktigaste prosjekta i 2009 har vore:

## 1. Struktur og organisering

### Biblioteksamarbeid

Fylkesbiblioteket har prioritert å følgje opp samarbeida mellom biblioteka i tre regionar:

1. Hardanger: Biblioteka i Odda, Ullensvang, Granvin, Ulvik, Kvam og Eidfjord.
2. Sunnhordland: Stord, Fitjar, Bømlo, Kvinnherad, Tysnes, Sveio og Etne. Fylkesbiblioteket har støtta prosjektet med midlar til frikjøp av prosjektleiar, og deltatt i styringsgruppa for utgreiing av vertskommunemodellen. Regionen har og fått tilskot til kurs i BiblioFil og tilsegn på støtte til marknadsføringsprosjekt.
3. Fjell, Sund Øygarden: Kommunane ønskjer eit tettare samarbeid. Det er sett i gang arbeid med ein ny felles nettsted. Det er gitt støtte til to litteraturformidlingsprosjekt.

For å betre kommunikasjonen i dei tre biblioteksarbeida, har fylkesbiblioteket oppretta ein intern wiki for kvart samarbeid. Domenenamnet folkebiblioteket.org nyttast til dette.

### Distribuert mediekjøp

Frå 2007 har folkebiblioteka i fylket kjøpt inn materiale gjennom ei ordning med distribuert mediekjøp. Ordninga skal ivareta folkebiblioteka sine behov for meir spesialisert materiale. 26 kommunar fekk tildelt midlar til innkjøp av materiale i 2009.

### Bibliotek i vidaregåande skule

Arbeidet med gjennomføring av "Strategisk handlingsplan for skulebibliotek i vidaregåande skular i Hordaland, 2004-2010" har halde fram. Fylkesutvalet vedtok i oktober at planen skal reviderast.

### Nye stillingar

Fylkestinget løyvde kr 500.000 til skulebiblioteka i 2009. Midlane blei nytta til å sikre finansiering av stillingar i skulane. Voss gymnas og Voss jordbrukskule har til saman 100% stilling, og Øystese har fått 50% ressurs. Det er no 15 skolar med bibliotekarressurs, av desse er åtte i 100% stilling.

### Nordahl Grieg vgs.

Fylkesbiblioteket har delteke i planlegging av biblioteket på Nordahl Grieg vgs, som skal opnast hausten 2010. Det har vore arbeid med innreiing, samlingsplan, -oppbygging og katalogisering. Bibliotekarstilling er lagt inn i personalbudsjettet.

## **Etne: kombinasjonsbibliotek?**

I samband med bygging av nytt kulturhus i Etne har fylkeskommunen avtalt leige av 60m<sup>2</sup> i biblioteket til skuleformål frå 2011.

## **Ressursgruppe**

Fagutdanna bibliotekarar i vgs. er medlemmer i ei ressursgruppe som har hatt både formelle og uformelle møte i 2009. Gruppa har utarbeida ein felles mal for nettsider til vgs-biblioteka, som nokre skular har teke i bruk.

## **Fagdag 30.september**

Dagskonferansen for alle tilsette ved skulebiblioteka hadde 43 deltakarar. Tema var litteraturformidling og litterære nettressursar, presentasjon av nettsidemal for skulebiblioteket, Britannica School Edition og diskusjon om utlånsordninga for lærebøker.

## **Bibliotekatalogen**

Den felles katalogen for vidaregåande skule har 156 000 postar, og det er stort behov for opprydding. Det er laga forslag til katalogiseringsreglar, som er sendt til høring hos ressursgruppa. Det er sett i gang eit arbeid med å sjå på overgang til ein ny versjon av biblioteksystemet Mikromarc og ekstern drifting.

## **Rettleiing og kartlegging**

Fylkesbiblioteket har besøkt og gitt hjelp og rettleiing til fleire skular om innreiing og møblering av nye biblioteklokale og oppussing av gamle, og er representert i prosjektering av nye skulebygg. Alle nyttilsette får ei kort innføring og tilbod om besøk og rettleiing. 16 skular

har fått besøk i 2009. Fokus har vore på opplæring i Mikromarc.



**Nasjonal lånekort gir elevane moglegheit å låne i alle bibliotek i Noreg.**

## **Lærebokutlån**

Fylkesbiblioteket har kontinuerleg oppdatert og formidla informasjon om lærebokutlån til bibliotekansvarlege. Elevane får nasjonalt bibliotek kort i samband med lån av lærebøker. Arbeidet med utlån av lærebøker på skulebiblioteka har blitt evaluert i 2009, og det er sendt forslag til Opplæringsavdelinga.

## **Britannica School Edition**

Det har blitt arbeidd for eit felles abonnement på leksikonet Britannica. Fleire skular har fått kurs for lærarane i samband med ein prøveperiode ut jan.2010.

## **Informasjonskompetent lærar**

I samarbeid med Høgskolen i Bergen har fylkesbiblioteket i 2009 blitt med i eit prosjekt som fokuserer på informasjonskompetanse og skulebibliotekutvikling i grunnskulen. Prosjektet skal gjennomførast i skuleåret 2009-2010. Det er fem skular deltek: Garnes, Tertnes og Vard-

en (Bergen), Ulveset (Fjell) og Søfteland (Os).

### Støtte til bibliotekprosjekt

Midlar til lokale prosjekt i kommunane blei lyst ut i mars og det blei i løpet av året gitt tilsegn på i alt 145.000 kr:

- ♦ Fjell, Sund og Øygarden: Felles brosjyre for utdeling på helsesitasjonar, kr 5 000
- ♦ Fjell, Sund og Øygarden: Utarbeiding av bokpratopplegg, kr 45 000
- ♦ Meland: Les for meg – no! Etablering av barnehagebibliotek, kr 30 000
- ♦ Sunnhordlandsbiblioteka: Profileringsprosjekt, kr 65 000

Løyvinga til Sunnhordland er overført til 2010. Dei tre andre er gjennomførte, erfaringane blir publisert på nettstaden til fylkesbiblioteket.



## Velkommen til biblioteket

Mirë se erdhët	Benvenuti
Welcome	أرحبو بكم
Bienvenue	Welkom
Dobro došli	Witajcie
Soo dhawoow	Bun venit
Bienvenidos	Maliqayang pagdating
Enqai dehan mesakum	به خير بئین
Hos qeldiniz	Tere tulemast
Hoan nghênh	Sveiki
Willkommen	Esiet sveicināti
Bem-vindo	Bures boahfin
ကျွန်းကျ	歡迎
Tervetuloa	Добро пожаловать

## 2. Kompetanse

Det er eit mål i fylkesdelplanen for biblioteka at alle innbyggjarane i Hordaland skal møte bibliotekpersonale med brei og oppdatert kunnskap. Fylkesbiblioteket har også eit lovfesta ansvar for å arrangere kurs om bibliotekspørsmål. Gjennomføring av kurs og konferansar for ulike målgrupper er ei prioritert oppgave i fylkesbiblioteket. Det blir drive individuell opplæring - særleg innan IKT. Fylkesbiblioteket arrangerte eit rekordhøgt tal faglege møter, seminar og konferansar i 2009: 22 arrangement med 849 deltakarar. Høgdepunktet var den nordiske bibliotekpolitiske "Halmstadkonferansen" i april, med nær 190 deltakarar.

### Kartlegging av kompetansebehov

Det er sett i gang eit arbeid med kartlegging av kompetansebehovet hjå alle bibliotektilsette i alle typar bibliotek i Hordaland (ca 450 stk). Resultata som kjem fram i undersøkinga, vil gje oss eit bilde av den samla bibliotekrelevante "kompetansekapitalen" i fylket, og bli ei rettesnor for ein ny strategi for kompetanseutvikling for biblioteka i Hordaland.

"Velkomen til biblioteket" på 26 språk. Plakat, bokmerke og roll-up kan nyttast av alle.

## Kurs og konferansar i 2009

DATO	NAMN	DELT:
12.01.	Årets bøker for vaksne	30
21.01.	Neptunseminaret: Menneske møter maskin – biblioteket sitt potensiale og utfordringar i ei digital tid	75
27.01,	Seminar for Nordhordlandsbiblioteka.	11
13.02.	Vidsyn: konferanse om fleirkulturelle bibliotektenester	24
13.03.	Opplæring i "Joomla!"	7
16.03.	Gjennomgang av nyare vaksnebøker med Ingri Lønnebotn.	25
02.04.	Tips og triks i Mikromarc	27
22.-24.04.	Åpne bibliotek : Halmstadkonferansen	187
28.-29.04.	Tverrkulturell forståing, Hordalandsmodellen	16
15.05.	Bibliotek sett frå Stortinget. Bibliotekmeldinga og digitaliseringsmeldinga	35
11.-12.06.	Bibliotekleiar møte i Øystese.	32
23.09.	Drupal-opplæring til Fjell, Sund og Øygarden, Fjell folkeboksamling..	8
30.09.	Fagdag skolebibliotek, Vestland.	43
21.10.	Drupal-opplæring for biblioteka i Fjell, Sund og Øygarden	8
11.09.	Teikneseriar i tida. Stad: fylkeshuset	21
06.10.	Ikkje bare skjønt! Innkjøp av fagprosa og tidsskrift	18
04.11.	Bibliotekdelen av Kulturkonferansen Tema: ...	25
11., 12.11.	Kurs for leseombod i Bergen og Stord kulturhus	70
12.-13.11.	Frie og åpne bibliotek. Fri programvare i bibliotek	24
25.11.	Halvdagsmøte i ressursgruppen vgs.	11
01.12.	Årets bøker på Bryggens Museum	152
	SUM	849

## 3. Innhald og tenester

### Bok til alle

Tiltaket er eit samarbeid med organisasjonen Leser søker bok, der ein formidlar bøker som er lette å lese, og rekrutterer leseombod. Leseomboda er personar som les høgt og fortel til menneske med funksjonshemmingar, og andre som har vanskar med å lese sjølv. Fire nye folkebibliotek i Hordaland har blitt "Bok til alle-bibliotek". Til saman deltek 10 bibliotek i fylket i ordninga.



Biblioteknettstader med moderne funksjonar blei laga i Drupal i 2009.

### Den kulturelle skolesekken(DKS)

Fylkesbiblioteket og DKS samarbeider om litteraturproduksjonar, og har drøfta programforslag og utarbeide tilbod til skular. Eit døme er "Den magiske kapp", frå Det fleirspråklege bibliotek, og er ein portal som vil bli sett opp på folkebiblioteka i Stord og Bømlo våren 2010. Dei to biblioteka vil ha besøk av elevar 1.-4.klasse, og ein forteljar vil levandegjere ei historie frå Midtausten.

### Litteratur i barnehagar

Lesesenteret i Stavanger har laga eit opplegg for "barnehagebibliotek". Fylkesbiblioteket har engasjert Merethe Gauden for å kurse tilsette i barnehagar og folkebibliotek om opplegget, og presentere eit utval barnebøker. I 2009 hadde ho tre kurs, med deltakarar frå sju kommunar. Bømlo kommune var først ute

med eit "barnehagebibliotek".

### Eldreveven

Eldreveven som nasjonal nettstad og kreativ møteplass for eldre, blei lansert i 2006. Det har i 2009 vore ein diskusjon om vidare drift. Nettstaden blir oppdatert med nye tekstar, men det er ikkje ressursar til meir utvikling etter det vellukka Hauge-Tveitt prosjektet i 2008.

### Universell utforming

Eit av tiltaka i "Deltaking for alle", fylkesdelplan for universell utforming 2006-2010, handlar om utprøving av digital røysting i folkebibliotek. Stord, Fjell og Kvam blei vald ut til detaljert kartlegging av universell utforming. Kartlegginga er publisert som trykte rapportar og på nettet.

### Nye biblioteknettstader

Alle kommunane i Hordaland har eigne nettstadar, samarbeidsløysingar eller presentasjonar på kommunale nettstader. 15 kommunar har biblioteknettstader på webhotell drifta av fylkeskommunen. Fleire publiseringsverktøy basert på open kjeldekode vart evaluert, og valet fall på Drupal, som er brukarvenleg og godt eigna til føremålet. Det er starta arbeid med å utforme ein mal for biblioteknettsider i samarbeid med Fjell, Sund og Øygarden. Biblioteksamarbeida i Hardanger og i Sunnhordland ønskjer også å ta i bruk Drupal.



Halmstadkonferansen for første gong i Bergen: Bibliotekarer fra de nordiske land diskuterte bibliotekpolitikk. Ruth Ørnholt er med i Halmstad-gruppa. Bilde: Jens J. Jensen

### Fri programvare i biblioteka

Fylkesbiblioteket var medarrangør av ein konferanse om bruk av fri og open programvare i biblioteka. 24 bibliotekarer og IT-kompetente diskuterte korleis fri programvare kan vere eit alternativ i ein vanskeleg budsjettsituasjon, og ein utviklingsmotor for betre funksjonalitet.

### Mangfald i biblioteka

Fylkesbiblioteket fekk i 2008 tildelt kr 175.000,- i prosjektstøtte frå ABM-uttilprosjektet "Vidsyn", som blei avslutta i 2009. Prosjektet skal gjere folkebiblioteka i Hordaland til betre bidragsytarar til inkludering, integrering og mangfald. Prosjektet har utvikla ein standard for å kvalitetssikre biblioteka sitt møte med og tilbod til minoritetsspråklege. Fleire bibliotek i fylket har kjøpt eigen roll-up med "Velkomen til biblioteket" på 26 språk, plakaten og fylkesbiblioteket sin roll-up er til utlån.

### Internasjonalt arbeid

"International Federation of Library Associations and Institutions" (IFLA): Fylkesbiblioteksjefen er med i folkebibliotekseksjonen, Section on Public Libraries. Ho var med på planleggingsmøte i St.Petersburg i februar og på kongressen i Milano i august. Halmstadgruppa: Fylkesbiblioteksjefen er med i programkomiteen for Halmstadkonferansen, ein nordisk konferanse med utgangspunkt i Halmstad i Sør-Sverige. Varemerket til konferansen er å sjå framover og diskutere nye trendar i folkebibliotekverksemd i eit politisk perspektiv. I 2009 vart konferansen for første gong arrangert i Bergen. Planleggingsgruppa hadde ein kombinert studietur og møte i Reykjavik i oktober.

# 3 Driftsoppgåver

## Fjernlån

Fjernlånstrafikken i Noreg er i endring. Nedgang i biblioteka sine mediebudsjett fører til auka innlån. Samarbeid mellom biblioteka og transportordninga, gjer at bestillingar av lån blir spreidde på fleire bibliotek. I 2009 ser vi for første gong tydeleg at høvet bibliotekbrukarane har til å bestille fjernlån sjølve visast på statistikken.

Nedgangen i fjernlån frå Bergen Off. Bibliotek (BOB) må sjåast i samanheng med dette.

I Hordaland dekkjer fylkeskommunen kostnadene BOB har til effektivering av bestillingar frå andre bibliotek. Omfanget av dette var i 2009:

	2009	2008	2007
Mottekne bestillingar totalt	14295	12916	11965
Brukarinitierte bestillingar	453	51	
Utlån totalt	13918	14088	
Utlån til bibliotek i Hordaland frå BOB	10706	11559	11792

Årsaka til differansen mellom bestilte og utlånte bøker kan vere fleire: dobbeltbestillingar og at bestillinga blir avviste. Det er også grenser på utlån av musikk og film.

## Transportordning

Biblioteka sluttar opp om transportordninga for bøker og andre media, som går mellom folke- og fagbiblioteka i Hordaland, med kopling til biblioteka i resten av landet. Biblioteka sparar tid på inn- og utpakking og på utgifter til porto.

Alle dei store kommunane i Hordaland er no med i ordninga, som omfattar 28 kommunar. Det blei i 2009 transportert 22396 (16185) einingar.

## Bokbåten 2009

Bokbåttenesta er eit samarbeidstiltak mellom Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Bokbåten Epos er eit populært bibliotek- og kulturtilbod i kyst- og fjordområda i Hordaland.

Bokbåten hadde 42 driftsdagar i 2009, og 58 stopp fordelt på 22 kommunar blei vitja to gongar. I 2009 vart det oppretta fem nye stopp. Det blei lånt ut totalt 29 748 (27 752) einingar, av desse var 22 227 til barn, 7521 til vaksne. Talmaterialet viser same

tendens som dei fem siste åra, med generell auke i utlånet.

Det var 89 kulturprogram på bokbåten i 2009, med eit samla publikumstal på 3 421 (2 965). Kulturprogram i år har vore dokketeaterframsyninga "Baldrian & Musa" av og med Giert Werring, framsyninga "Himmelspringaren" med forfattar og illustratør Sissel Hørndal, og "Wergeland for dei minste" av skodespelar, manusforfattar og vise-/folkesongar Karen Høie. Det er eit samarbeid med Den kulturelle skolesekken og blir støtta av Folkeakademiet i Hordaland.

Markering av 50-års jubileet for Bokbåten i Hordaland fekk brei tilslutnad i heile fylket. Jubileet blei markert i samband med haustturneen frå 5. til 27. november på kvart stopp og med to ekstra dagar i Bergen, slik at også barnehagebarn og innbyggjarar i Bergen fekk høve til å oppleve bokbåten. Jubileet fekk brei pressedekking i lokale og nasjonale media, både som nyheit og saker med grundige historiske og aktuelle fakta om tenesta.

Dei tre fylkesbiblioteka samarbeider om nettstaden Bokbåtklubben for barn: <http://www.bokbaten.no/klubben>

## Klassesett

Fylkesbiblioteket låner ut klassesett til grunnskular i fylket utanom Bergen. I 2009 blei det lånt ut 97 (118) sett, i alt 1516 (2 000) bøker. Nettside med bokomtalar og undervisningstips er til god hjelp for lærarane, og ei brosjyre er laga.

## Informasjon

I 2009 publiserte fylkesbiblioteket to utgåver av Meldingsbladet Emneord i trykt og webbasert utgåve. Nettstaden til fylkesbiblioteket blei aktivt brukt i rettleiing og kommunikasjon med kommunane og andre samarbeidspartnarar (2,5 nyheiter i snitt i månaden) og blei utvikla vidare med nye temasider.

## Kulturnett Hordaland

Fylkesbiblioteket har ansvar for oppdateringa av tema bibliotek på Kulturnett Hordaland, med brukarretta informasjon om tenestetilbodet i biblioteka i Hordaland og elles.

## Råd og rettleiing

Dei tilsette på fylkesbiblioteket svarer i løpet av året på mange spørsmål frå kommunane om innreiing, samlingsutvikling, samarbeid og andre bibliotekfaglege problemstillingar.

Ein viktig arena for diskusjon og nettverksbygging med biblioteka er Bibliotekleiar møtet. I 2009 var vårmøtet to dagar i Øystese. Haustmøtet blei lagt saman med fylkeskulturkonferansen i november.



Glade barn på kvart stopp: Ein svært festleg tur opplevde bokbåten og brukarane. Der fikk alle ballongar i tillegg til utlånte bøker. Nokre bokbåtkontakter hadde til og med sitt eige bursdagsprogram planlagt, til overrasking for bokbåtbibliotekarane. Då blei det kake.





HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

## Kultur- og idrettsavdelinga Fylkesbiblioteket

Hordaland fylkesbibliotek  
Pb. 7900, 5020 Bergen  
Tlf. 55 23 93 76, Fax 55239379

E-post: [fylkesbiblioteket@post.hfk.no](mailto:fylkesbiblioteket@post.hfk.no)  
<http://hordaland.no/fylkesbibl>

Fjernlånet  
Bergen Offentlige Bibliotek,  
Strømgte. 6, 5015 Bergen  
Tlf. 55 56 80 30, 55 31 72 77  
E-post: [fjernlan@bergen.folkebibl.no](mailto:fjernlan@bergen.folkebibl.no)  
<http://hordaland.no/fylkesbibl>